

MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtestad: kommunestyresalen
Møtedato: 26.02.2009 **Tid:** 14 00 – 18.40

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av medlemmer møtte 20, inkl. 3 varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Brigt Olav Gåsdal under skriv og meldingar
Sigmund Dyrhovden
John Magne Bogevik
Vidar Rolland

I staden møtte:

Ole Totland
Sven Tore Kulleseid
Tyra Pedersen

Andre som var tilstade på møtet: Adm.sjef Ramsli, ass.adm.sjef Våge, økonomisjef Erdal og leiar av teknisk eining Erstad.

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 27. februar 2009

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og sakliste vart godkjent med sak 10/09 som tilleggssak.

Kommunestyret aksepterte at ein ved slutten av møtet drøfta eit spørsmål om kommunen skulle nytta seg av forkjøpsrett til eigedom.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen vart godkjent.

VAL AV TRE REPRESENTANTAR SOM SKAL SKRIVA UNDER MØTEPROTOKOLL:

Nils Gåsdal og Jens Harald Abotnes vert saman med ordførar valde til å skriva under protokollen.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

NAV-leiar Magne Djuvik informerte om situasjonen i arbeidsmarknaden i Samnanger. Ca 2,5% av arbeidsstyrken var ledige i kommunen i januar 2009. I februar var det auka til 3,1%. Gjennomsnittet i fylket er på 2,4%. Berre Øygarden og Sund har høgare andel ledige enn Samnanger. Tal for 2008 vart også presenterte. Kommunestyret ønskjer å verta halden oppdaterte om situasjonen. NAV-leiar vil verta bedt inn til kommunestyret for å informera om arbeidet i NAV. Kontoret i Samnanger vert offisielt opna 9. juni.

Kulturplanen som vart vedteken i utval for oppvekst og omsorg i sist møte vart delt ut. Ass. adm.sjef gjekk igjennom planen for kommunestyret.

Ordførar orienterte om vedtaket i valstyret om at ein opprettheld dei same **røystekrinsane** som ved kommunestyrevalet. Det vart også orientert om at det samstundes og i dei same lokala skal avviklast val til soknerådet.

Ass.adm.sjef orienterte om status for **gjennomgangen på skuleområdet**. Det kjem ekstra sak til PØ den 16 mars, der det skal takast stilling til mandat, framdrift og gjennomføring av prosjektet.

Ass.adm.sjef orienterte om at teknisk eining har **brannøving i gamle Gjerde barnehage**.

Ordføraren orienterte om at det er inngått ein **overordna avtale om samhandling mellom Helse Bergen og kommunane**.

Fylkesmannen i Hordaland arrangerer **Konferanse om småkraft** den 3. mars i grendahuset på Nordbygda med olje- og energiministeren som innleiar. Det er stor interesse for konferansen med meir enn 170 påmelde.

Det er kome tilbakemelding frå eining for **pleie og omsorg** om at dei ser god effekt av den auka ressursen dei fekk på 2009-budsjettet.

Økonomisjefen orienterte om **rekneskapan for 2008**. Resultatet viser eit overskot på 2,4 millionar, noko som i det alt vesentlege skuldast eit positivt premieavvik.

Grunngjeve spørsmål

Sture Tveit reiste følgjande grunngjeve spørsmål til ordføraren vedk. rett til barnehageplass og arealnorm.

I lov om barnehagar står det at barn som fyller eit år innan utgangen av august det året det vert søkt om barnehageplass frå og som søker plass ved ordinært opptak, har rett til plass i barnehagen i den kommunen det er busett i. Dersom plass ikkje vert tildelt, kan kommunen ileggjast bot av fylket eller foreldra kan gå til sak mot kommunen for å framtvinga ei løysing, enten i form av økonomisk kompensasjon eller lovnad om barnehageplass. Og etter samtale med administrasjonen forstod eg det slik at det ikkje var noko maks tak på kor mange barn som kunne vera på kvar avdeling.

Mine spørsmål til ordføraren er:

1. Korleis er situasjonen i Samnanger med tanke på at alle barn som etter lova har rett til barnehageplass, får plass ved hovudopptaket til barnehagane?
2. Bør kommunen sikra seg at det ikkje vert teke opp for mange barn til kvar avdeling berre for å imøtekoma lova om rett til barnehageplass for alle?

Ordføraren svarte følgjande;

Svar på spørsmål 1: Samnanger kommune skal etter ny barnehagelov pr. 01.01.09 med forskifter gje barn som er busett i kommunen og som er fyller eit år innan 31 august det året det vert søkt om plass i hovudopptaket. Slik det ser ut pr. i dag vil det vera ca 20 barn som er eit år innan 31. august 2009 med rett til plass. I dei kommunale barnehagane er det kapasitet til å ta opp desse når seksåringane sluttar og ved overføring frå småbarnsavdeling til stor avdeling.

I tillegg vil Aadland gaardsbarnehage ha ledige plasser for dei eldste barna.

Svar på spørsmål 2: I barnehagelova er det reglar for kva bemanning barnehagane skal ha i høve til tal barn. I forskrift for helse miljø og sikkerheit er det retningsliner på kor stort areal barnehagane må ha i høve til tal barn. I Samnanger er arealet i Aadland gaardsbarnehage tilrettelagt for 33 plassar og i Nordbygda for 40 plassar. Dråpeslottet har pr. i dag tatt opp barn til 83 plassar. Samnanger har i dag full barnehagedekning etter lovkravet. Arealet i barnehagen tilseier at ein kan auke opp kapasiteten til opp mot totalt 95 plassar. Bemanninga må då også aukast.

Møtet vart lukka under informasjon og drøfting vedk. evt. bruk av forkjøpsretten for eigedom som vert lyst ut for sal. PØ får fullmakt til å vurdere og gjennomføra saka.

UTVALET SITT KVARTER:

Helga Nygård stilte følgjande spørsmål: "ferieopning for kommunale barnehagane."

Ordføraren orienterte om ny lovendring i barnehagelova og vedtektsendring i Samnanger som skal opp i utval for oppvekts og omsorg den 31 mars.

Sture Tveit føler frustrasjon over at han som kommunestyrerepresentant ikkje har god nok informasjon om vedtak som er fatta og prosessar som er i gang. Som døme viste han til prosessen med skulestrukturen og om flyttinga av teknisk til Frøland. Han var lite kjent med dette, og kunne ikkje sjå at kommunestyret hadde vore inn i desse prosessane. Han stilte også spørsmål om nedgangen som har vore i folketalet i Samnanger og kva kommunen bør gjere med dette. Bør ikkje kommunen marknadsføra seg meir?

Ordføraren viste til at det vert arbeidd mykje med informasjon, og at ho kontinuerleg vurderer korleis me kan verta betre. Dei politiske hovudutvala og administrasjonen er gitt fullmakt av kommunestyret til å fatta vedtak i mange saker. Kommunestyrerepresentantane må såleis og sjølve ta initiativ til å skaffa seg informasjon ; her kan ein ta kontakt med medlemmar i utvala, administrasjonen evt. einingsleiar. Ein del informasjon har medlemmane gjennom møteprotokollar frå utval dei er varamedlem i. Mykje informasjon ligg og på heimesida til kommunen, og publikum kan også ta direkte kontakt via ekspedisjonen.

Ordførar hadde og merkja seg folketalsendringa. Ho viste til at det var sett av pengar i budsjett for 2009 til marknadsføring, eit prosjekt som skal drøftast i utviklingssamtalen mellom ordførar/varaordførar og adm.sjef/ass.adm.sjef i mars.

Gunnar Bruvik bad om at kommunen tar kontakt med vegvesenet om trafikksikringstiltak på Ytre Tysse når Moshovdatunnelen vert opna, etablering av humpar, nedsetting av fartsgrensa. Ordføraren orineterte om at teknisk er utfordra på dette og skal ta det opp med vegvesenet. Jmf. og sak om Ytre Tysse i møte.

Olaug Øystese ønska at kommunestyret går på omvisning på Samnangerheimen. Ordføraren vil følgje dette opp.

Inge Aasgaard viste til at det var vanskeleg å vera oppdatert på alle vedtak og planar som vert vedteke. Han ba om at det vart sett på om det var mogleg å få til ein betre informasjonsflyt slik at kommunestyret kan holde seg oppdatert. Ordføraren følgjer opp dette.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0001/09	09/00040 BUDSJETTENDRINGAR 2009 DISPOSISJON AV MIDLANE I KRISEPAKKA
0002/09	09/00014 FINANSFORVALTNING
0003/09	06/00107 FRAMDRIFT MILJØGATE, KAI, PARK OG VA-ANLEGG PÅ YTRE TYSSE
0004/09	08/00485 ROLVSVÅG INDUSTRIKAI.
0005/09	07/00177 FORSKRIFT FOR NAMNSETTING,ADRESSERING OG ADRESSEFORVALTNING I SAMNANGER KOMMUNE. ENDELEG VEDTAK
0006/09	08/00403 THOMAS NORDVIKS STIFTING. VAL AV NYTT STYRE
0007/09	08/00412 SUPPLERINGSVAL - BYGDALISTA 2008-11.
0008/09	09/00056 VAL AV NYTT MEDLEM TIL KONTROLLUTVALET.
0009/09	09/00075 E-KOMMUNESTRATEGI 2012 OG E-HANDLINGSPLAN 2012
0010/09	09/00023 BERGEN OG OMLAND FRILUFTSRÅD - ENDRING AV VEDTEKTER OG OPPTAK AV NYTT MEDLEM

0001/09

BUDSJETTENDRINGAR 2009 DISPOSISJON AV MIDLANE I KRISEPAKKA**Framlegg til vedtak::**

Dei 1.6 millionane frå staten til sysselsetjing i samband med vedlikehald vert brukt til dette føremålet i samsvar med prioriteringslista som ligg i saksutgreiinga. Maling av Gjerde skule vert gjort innan ordinære budsjettmidlar.

Det vert og gjort fylgjande endringar i budsjettet

Konto nr.	Tekst	endring
1.9000.8000.8700	Skatteinntekter	- 3.000.000
1.9000.8400.8000	Rammetilskot	+ 3.000.000
1.3002.2410.0101	Legevaktgodtgjersle	+ 200.000
1.3200.2410.3700	Legevaktsentral	+ 160.000
1.1200.1700.0900	Premieavvik	- 420.000
1.1200.1710.0900	Amortisert premieavvik	+ 60.000
0.1601.3450.2500	Filter vassverk	+ 100.000
0.1601.3450.9500	Bruk av bunde fond vassforsyning	+ 100.000

Handsaming i møte:

Olaug Øystese (Ap) sette fram følgjande tilleggsframlegg: ”Kommunestyret er kjent med at det alt no vert overskriding i budsjettet for 2009. Me krev difor at det vert fremma sak om revisjon av budsjettet til neste kommunestyremøte.”

Olaug Øystese bad om gruppemøte, og møtet vart mellombels heva.
Møtet vart sett.

Det vart først røysta over framlegg frå PØ, som vart samrøystes vedteke.
Deretter vart det røysta over Øystese sitt framlegg, som fekk 17 røyster, 3 røysta mot, og det vart dermed vedteke.

Vedtak:

Dei 1.6 millionane frå staten til sysselsetjing i samband med vedlikehald vert brukt til dette føremålet i samsvar med prioriteringslista som ligg i saksutgreiinga. Maling av Gjerde skule vert gjort innan ordinære budsjettmidlar.

Det vert og gjort fylgjande endringar i budsjettet

Konto nr.	Tekst	endring
1.9000.8000.8700	Skatteinntekter	- 3.000.000
1.9000.8400.8000	Rammetilskot	+ 3.000.000
1.3002.2410.0101	Legevaktgodtgjersle	+ 200.000
1.3200.2410.3700	Legevaktsentral	+ 160.000
1.1200.1700.0900	Premieavvik	- 420.000
1.1200.1710.0900	Amortisert premieavvik	+ 60.000
0.1601.3450.2500	Filter vassverk	+ 100.000
0.1601.3450.9500	Bruk av bunde fond vassforsyning	+ 100.000

Kommunestyret er kjent med at det alt no vertoverskriding i budsjettet for 2009. Me krev difor at det vert fremma sak om revisjon av budsjettet til neste kommunestyremøte.

0002/09

FINANSFORVALTNING

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret har merka seg at administrasjonen har plassert 4 mill. av kommunen sine pengar i strid med kommunen sitt finansreglement. Administrasjonen har beklaga dette på det sterkaste. Kommunestyret tek beklaginga til etterretning.

Kommunestyret vil likevel at kommunen ventar med å selja seg ut av First Eiendomsinvest I a.s til me kan oppnå ein betre pris enn no då aksjane for tida er praktisk tala uomsettelege.

Handsaming i møte:

Jens Harald Abotnes sette fram følgjande tillegg til framlegget frå PØ: ”Kommunestyret ber administrasjonen melde om endringar i verdi- og omsetnadsvurdering på denne finansplasseringa kvart kommunestyremøte fram til anten oppnådd kursverdi på kr. 100- per aksje eller så lenge som kommunestyret finn det naudsynt.”

Sture Tveit sette fram følgjande tillegg til framlegget frå PØ: ”Tillegg til forslag til vedtak – 3 setning: Kommunestyret tek beklaginga til etterretning og forventar at finansreglementet vert etterlevd for ettertida.”

Det vart først røysta over PØ sitt framlegg, som vart samrøystes vedteken.

Deretter vart det røysta over Abotnes sitt framlegg som vart samrøystes vedteke.

Til slutt vart det røysta over Tveit sitt framlegg som fekk 4 røyster og fall.

Vedtak:

Kommunestyret har merka seg at administrasjonen har plassert 4 mill. av kommunen sine pengar i strid med kommunen sitt finansreglement. Administrasjonen har beklaga dette på det sterkaste. Kommunestyret tek beklaginga til etterretning.

Kommunestyret vil likevel at kommunen ventar med å selja seg ut av First Eiendomsinvest I a.s til me kan oppnå ein betre pris enn no då aksjane for tida er praktisk tala uomsettelege.

Kommunestyret ber administrasjonen melde om endringar i verdi- og omsetnadsvurdering på denne finansplasseringa kvart kommunestyremøte fram til anten oppnådd kursverdi på kr. 100- per aksje eller så lenge som kommunestyret finn det naudsynt.”

0003/09

FRAMDRIFT MILJØGATE, KAI, PARK OG VA-ANLEGG PÅ YTRE TYSSE

Framlegg til vedtak::

Følgjande delprosjekt skal setjast ut på anbod og gjennomførast i 2009:

- Tusenårsparken
- Kaien
- Portalane
- Høgdebassenget

Handsaming i møte:

Eva Hellevang (H) sette fram følgjande framlegg: ”Følgjande delprosjekt skal setjast ut på anbod og gjennomførast i 2009 – Høgdebassenget.”

Det vart røysta alternativt over framlegget frå PØ og Hellevang sitt framlegg. PØ sitt framlegg fekk 18 røyster og vart vedteke. Hellevang sitt framlegg fekk 2 røyster og fall.

Vedtak:

Samnanger kommune set følgjande delprosjekt ut på anbod og gjennomførast i 2009:

- Tusenårsparken
- Kaien
- Portalane
- Høgdebassenget

0004/09

ROLVSVÅG INDUSTRIKAI.

Framlegg til vedtak::

Avtala mellom Samnanger kommune (SK) og Rolvsvåg Industrihavn A/S (RI) (SUS) om leiga av kai med tilhøyrande kaiareal vert godkjent slik den ligg føre med følgjande tillegg:

- Møterereferat dagsett 25. okt 2008 om samordning og bruk av Rolvsvåg Industrikai skal vera eit vedlegg til avtala.
- Plan for gjennomføring av tiltak i pkt. 3.2 i avtala vert utarbeidd av SK og må akseptast av RI før utgangen av juni – 09.

Handsaming i møte:

Tyra Pedersen (Frp) sette fram følgjande framlegg: ”Det engasjerast ein næringsmeglar med tanke på sal av kaia. Ved utleige vil Samnanger kommune fortsatt ha forpliktingar som eigar. Ved sal vil Samnanger kommune ikkje ha forpliktelser som eigar, men det er ønskjeleg at Samnanger kommune kontraktfestar ein rett til å leige kaia som ein vanleg kunde, men med førsterett, dersom Samnanger kommune i framtida har eit slikt behov.”

Sture Tveit (H) sette fram følgjande framlegg: ”Liklydande som PØ sitt framlegg med unntak av 5.3: Kjøp av kai og kaiområde går ut av framforhandla avtale.”

Tilleggsframlegg sett fram av **Bright Olav Gåsdal (Ap)**: ”Tillegg til pkt. 5: Prislister for bruk av kai skal lagast og vera mest mogleg i samsvar med dei satsar som Bergen og Omegn Hamnevesen nyttar.”

Bright Olav Gåsdal trekte sitt tilleggsframlegg.

Det vart først røysta over sitt PØ framlegg som fekk 13 røyster.

Det vart deretter røysta over Pedersen sitt framlegg som fekk 3 røyster og fall.

Til slutt vart det røysta over Tveit sitt framlegg som fekk 4 røyster og fall.

PØ sitt framlegg vart vedteke.

Vedtak:

Avtala mellom Samnanger kommune (SK) og Rolvsvåg Industrihavn A/S (RI) (SUS) om leiga av kai med tilhøyrande kaiareal vert godkjent slik den ligg føre med følgjande tillegg:

- Møterereferat dagsett 25. okt 2008 om samordning og bruk av Rolvsvåg Industrikai skal vera eit vedlegg til avtala.
- Plan for gjennomføring av tiltak i pkt. 3.2 i avtala vert utarbeidd av SK og må akseptast av RI før utgangen av juni – 09.

0005/09

FORSKRIFT FOR NAMNSETTING, ADRESSERING OG ADRESSEFORVALTNING I SAMNANGER KOMMUNE. ENDELEG VEDTAK

Handsaming i møte:

Inge Aasgaard sette fram følgjande framlegg: ”Forskrift for namnesetting, adressering og adresseforvaltning i Samanger kommune dagsett 10.februar 2009 vert vedteken slik ho ligg føre.”

I møtet kom det og innspel på at det må gjerast ein mindre endring i § 2. pkt. 1 der Os kommune vert ført inn. Kommunestyret overlet til administrasjonen å retta opp dette. Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Forskrift for namnesetting, adressering og adresseforvaltning i Samanger kommune dagsett 10.februar 2009 vert vedteken slik ho ligg føre.

0006/09

THOMAS NORDVIKS STIFTING. VAL AV NYTT STYRE

Framlegg til vedtak:

Vidar Tveiterås vert i perioden 2009-2013 valt til styret for Stiftinga Tomas Nordvik
Vara repr: Odd Lønnebakken

Handsaming i møte:

I møtet vart det opplyst at det er kommunen som vel alle medlemmane. Historielaget har gjort framlegg om Hanne Yndestad Aadland og Olav Lien som medlemmer.

Kommunestyret gjekk samrøystes inn for å velja dei foreslåtte representantane.

Vedtak:

Vidar Tveiterås (vara repr: Odd Lønnebakken), Hanne Yndestad Aadland og Olav Lien vert i perioden 2009-2013 valt til styret for Stiftinga Tomas Nordvik.

0007/09

SUPPLERINGSVAL - BYGDALISTA 2008-11.**Handsaming i møte:**

Det er følgjande framlegg:

- nytt 2. varamedlem for Bygdalista i PØ – utsett.
 - nytt 2. varamedlem for Bygdalista. i administrasjonsutvalet- utsett.
 - nytt varamedlem i Eldrerådet – Dag Nydal.
- Samrøystes vdteke.

Vedtak:

- Suppleringsval Samnanger kommune – Bygdalista 2008-11;
- Nytt 2. varamedlem for Bygdalista i PØ – utsett.
- Nytt 2. varamedlem for Bygdalista. I administrasjonsutvalet- utsett.
 - Nytt varamedlem i Eldrerådet – Dag Nydal.

0008/09

VAL AV NYTT MEDLEM TIL KONTROLLUTVALET.**Handsaming i møte:**

Olaug Øystese (Ap) sette fram følgjande framlegg:

”Repr. Elin Dyrseth Liøen
vara. Osvald Lønnebakken”

Gunnar Bruvik (Frp) sette framlegg om:

”Vararepr. Rune Pedersen”

Det var røysta over repr. Liøen som fast medlem. Samrøystes vedteke.

Det var røysta alternativt over vararepresentantane.

17 røysta for Lønnebakken og 3 røysta for Pedersen.

Vedtak:

Nytt medlem i Samnanger kommune sitt kontrollutvalet 2008-2011:

Elin Dyrseth Liøen

Varamedlem: Osvald Lønnebakken.

0009/09

E-KOMMUNESTRATEGI 2012 OG E-HANDLINGSPLAN 2012**Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune godkjenner e-kommunestrategi og e-handlingsplan 2012 slik den ligg føre. Administrasjonssjefen får mynde til å justera planane i tråd med gjeldane lover og regler og strategiar frå Bergen Region tråd i planperioden.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune godkjenner e-kommunestrategi og e-handlingsplan 2012 slik den ligg føre. Administrasjonssjefen får mynde til å justera planane i tråd med gjeldane lover og regler og strategiar frå Bergen Region tråd i planperioden.

0010/09

BERGEN OG OMLAND FRILUFTSRÅD – ENDRING AV VEDTEKTER OG OPPTAK AV NYTT MEDLEM**Framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune gir sin tilslutning til at Vaksdal kommune vert ny deltakar i Bergen og Omland friluftsråd.

Samnanger kommune ser på Bergen og Omland Friluftsråd som eit eige rettssubjekt som fører særreknenskap.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune gir sin tilslutning til at Vaksdal kommune vert ny deltakar i Bergen og Omland friluftsråd.

Samnanger kommune ser på Bergen og Omland Friluftsråd som eit eige rettssubjekt som fører særreknenskap.